

Vnisæimi - Onsum (gnr. 122)

a Vnisæimi: Gardnamn som i dette tilfelle vanskelig let seg tyde. Namnegranskaren O. Rygh går ut frå at namnet i tilfellet Onsum i Fåberg ”intet har å gjøre med gudenavnet Odin”. Skrivemåten av namnet var i eldre tid svært ustø og med mange ulike avvik.

Eit av dei aller eldste minne om manns ferd her på Onsum og i det heile i Fåberg er eit fornfunn frå steinalderen: ei steinøks uten skafthol. Visstnok her er og funne ei steinøks med uferdig skafthol. I skrivne kjelder er garden omhandla i diplom både av 1342, 1344, 1347, 1368 og 1395. Dette heng saman med at det da var ein mektig mann i Fåberg: Basse a Vnisæimi, som mykje var med på tingmøte. Gardnamnet vart i den tid skrive med forbokstaven V, som da vart brukt som lydteikn for U, t.d. a Vnisæimi (1342). Det første ein finn gardnamnet skrive med forbokstaven O, Onnsem (truleg etter uttalen) er i lista over Byggningskatten 1594, og utreidsla var da 60 skilling som for dei andre 27 fullgardane i Fåberg. Frå kring tjuge år seinare er namnet på brukaren i 1615 skrive Thosten Unsumb. Han vart da dømt til å svara ½ dalar i bok ”for en gjerdesgard han avbrente for sin granne”. – Etter manntal over kvegskatten 1657 heitte brukaren på Onsum da Oluf, men namnet hans er med etternamn skrive Oluff Vnsem. Kjelda vi her bruker er elles sær s påliteleg, da krøtertalet skulle brukast som grunnlag for ein ekstraskatt. Kjelda vår fortel og at buskapen på Onsum da var: 1 hest, 3 hopper, 17 naut, 4 geiter, 15 sauer og 4 griser, og det var, sjølv etter tida, slett ikkje lite. Av odelsmanntalet frå same året, altså 1657, går det elles tydeleg fram at same Oluf Onsum og var odelseigande bonde, og sjølv åtte jordgods til 2 ½ hud i sin eigen gard Onsum.

Litt om den mannlege arbeidskrafta på gardane går fram av Mannkjønnsmanntalet 1665. Der er det om Onsum fortalt at det da hadde vore brukarskifte, og at den nye heitte Tord Pedersen og var 38 år. Vidare er det og oppgitt at han hadde ein son, Amund, som var 12 år, ein tenestkar Oluf Svendsen, som far kring 50 år, og ein husmann, Oluff Pedersen, som var kring 60 år.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Onsum fortalt at den samla landskyld av garden da var 3 ½ hud eller 5 ½ pund 4 merker smør. Men av dette var jordegods til 1 ½ pund 2 mrk. smør bygselgods, som da låg til Frederich Bremmers Cannoni; resten, jordegods til 4 pund 2 mrk. smør, tilhørde oppsittaren Tord Pedersen, som dessutan og hadde bruksretten over cannonigodset. - Om garden Onsum og gardsbruket der i 1668 er det vidare fortalt at enga, innmarka var god, at det var skog til gards bruk, og at Onsum alt da hadde seter på ”Rychasetter”, Ruken seter. Vidare er det opplyst at buskapen av store husdyr på garden da var 5 hestar og 22 naut, og korntienda vart utreidd med 4 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 45 tønner. Når det er oppgitt at det på Onsum var ein liten humlehage, tyder det på at her var det ein heim der det ofte vanka tilreisande eller andre framande som var vant til å få øl til maten.

Ei sak frå denne tid gir elles etter utskrift av tingboka desse opplysningane:

”Mellem i Fåberg 9. Mars 1670.

Hans Ratker og Tor Onsem på hans mors vegne er blitt forenet ang. det høi som Tors mor har latt høste spondenfor Messing.+)

Likeså ble Hans Ratker og Tor Onsem på egne og hans mors vegne forenet ang. all den tvistighet som hittil har været mellem dem.” +) skal truleg vera ”Mønning”.

I år 1706 var det Amund Olufsen som var eigar og brukar av Unsom. Han hadde da ei sak mot Peder Stubberud i Uggedalen; men partane var tilstades og vart samde på tinget på Langset i Fåberg den 11. novbr. - Av året etter er ei sak mellom Amund Unsum og ein Ole Olsen, men denne saka var fore på tingmøte i "Lillehammer i Faaberg" den 23. desbr. 1707.

Åtte år seinare var i 1715 husbonden Amund Olufsen død, og det var arveskifte på "Ondsemb i Faaberg". - Ved dette skiftet var odelsgodset i garden 3 huder og 6 skinn, og aktiva i buet utgjorde 1090 rdl., så det var stor velstand for ikkje å seia rikdom på Onsum i den tid. Arvingane ved skiftet var, forutan enka, Anne Olufsdtr., dei 4 borna i ekteskapet. Av dei var Kari Amundsdr. Onsemb gift med Ole Jonsen Borud, og søstera Sønnøv var gift med Peder Christophersen Boleng. Elles var søstera Anne da 25 år, og yngstebarnet Sessel var 12 år.

Fleire opplysningar om gardane i den tid vil ein kunne finne i matrikkelframlegget av 1723. Der er det om Unsum fortalt at garden nok ligg i baklia, men at den var lettbrukt, og at jordarten der var god. Det var skog der til brenneved og gjerdefang og dessutan til hustømmer. Buskapen var da 5 hestar og 2 føl, 28 naut, 24 sauer og 14 geiter, og den årlege utsæd utgjorde kring 10 tønner bygg og litt rug. Det er elles oppgitt at det til garden hørde eiga kvern og "Fiskerj i lougen af maadelig verdi." Vidare går det tydelig fram at det da låg to husmannsplassar med brukande jord til Unsum. Eigar og brukar av garden i 1723 var elles Erich Christensen, som var gift med Berit Olsdr.

Men i 1734 var husfrua Berit Olsdr. død, og det var da atter arveskifte på "Onsum i Faaberg". Ved dette skiftet var jordegodset i buet 3 huder og 6 skinn, og aktiva utgjorde brutto 1111 rd. og netto 1089 rd. Arvingane ved skiftet var da, forutan enkemannen Erich Christensen, også da 4 born i ekteskapet. Dei var: 1. Amund, som da var 3 ½ år, 2. Gunhild, 6 1/2år, 3. Kari, 3 ½ år, 4. Anne 1 år.

Til den store garden var det etterkvart vorte fleire underbruk, og vi tek her litt med om nokre av dei. Av 1741 er såleis ei sak om bruket Mønningen, og saka er etter ei utskrift av tingboka framstelt slik:

"Mønningen.

Gavebrev dat. 14. april 1741 tgl. 14. juni s.å.

Fra Sønnøv Haagensdr. Mønningen, huskvinde under grd. Onsum i Fåbergs prestegjeld til hennes stesøn Ole Olsen på et beløp stort 50 rd.

Anm. Hvis Ole skulle dø før utstederne, skal ikke beløpet utbetales hans arvinger før utstederne er døde"

Ti år seinare gav i 1751 Erich Christensen Onsum bygselseddel til Ole Erichsen på " en hans gård Onsum til og underliggende husmannsplads Mønningen inden gården Onsums akerjord beliggende mot årlig husleie 2 rd." - Samtidig gav husbonden Erich Onsum bygselseddel til Thomas Svendsen på " en under hans gård Onsum til og underliggende husmannsplads Brenden kaldet beliggende neden under gården mot årlig husleie 1 rd. i arbeide." Vidare fekk Even Christensen samtidig bygselseddel på " husmannspladsen Moen " under gården Onsum eng beliggende mot årlig husleie på 2 rd." Ein fjerde husmann, Engebret Olsen, fekk bygsla på plassen Brenden i Onsummoen mot årlig avgift 1 dr., og Guldbrand Østensen Onsum med hustru Beret Erichsdatter bygsla fleire år seinare plassen Kadstad til Ole Joensen og hustru mot årlig husleie 4 rd.

År 1760 hadde sonen Amund Erichsen tatt over som eigar og brukar på Onsum og det er opplyst at foreldra Erich og Sønnøv Onsum skulle ha føderåd for levetida av garden Onsum, og at dei dessutan hadde rett til å bruke Rønningen, Av 1766 er dessutan eit makeskifte mellom Amund Erichsen Onsum og landkremmer Holm Gullichsen Jørstad. Denne saka er elles etter utskrift sålydande:

”Mageskifte dat. 17. febr. 1766 tgl. samme dag.

Holm Gullichsen Jørstad Borger til Christiania og privilegeret landkremmer for Fåberg, Gausdal og Øyer og Amund Erichsen Onsum er blitt forenet om å bytte nogen jordstykker, nemlig at Amund Erichsen har avstået til Holm Gullichsen av sin gård Onsums eiendele en eng kaldet Lille Volden med det der tilliggende fiskeri samt et stykke av sin andel i Moen, så at Holm Gullichsen herefter skal bli eiende til hans gård Søndre Jørstad alt det som Onsums eiere derut forhen har tilholdet sig nordenfor Onsum Voldvejen, undtagen en liten strimmel. Imot dette har Holm Gullichsen avstået til Amund Onsum av sin gård Søndre Jørstad eiendele en eng kaldet Rønningen, der er beliggende nedenunder Onsums aker jorde.”

Samtidig vart og tinglyst ei kontrakt som er sålydande:

”Forening dat. og tinglest 17. febr. 1766.

Hvorved blir bestemt at Holm Gullichsen og Amund Erichsen Onsum skal holde hver sin halvpart av gjerde om kring sine eiendomme Jørstad og Onsum.”

Av 1781 er ei sak om det serleg ettertrakta fiskevarpet Michelsvarpet, og saka er etter utskrift av tingboka framstelt slik:

”Onsum i Faaberg.

18. juni 1781.

Erich Onsums Enke og arvinger kontra Amund Gulbrandsen Onsum ang. et fiskevarp. Erich Onsums enke og arvingar har søkt Gulbrand Unsum fordi han ikke har villet oppgi avd. Erich Onsums forhen tilhørende lagesildvarp, Michelvarpet kallet. Gulbrand Unsum mener at fiskevarpet er og blir en pertinense (noko som hører til) under grd. Unsum, som han har tiltrådt efter sin svigerfar, som ved skiftet i 1759 hadde fått gården overdraget av sin far, nu avdøde Erich, uten forbehold ang. dette fiskevarp.

Da det stod foreldrene fritt for ved skifte i levende live å oppgi meget eller litet av deres eiendom til deling mellem deres barn, og det av de fremlagte dokumenter m.v. sees at fiskevarpet ikke har været en pertinense under grd. Onsum, så kjennes for rett: Det omtvistede fiskevarp, ”Michelsvarpet, så vidt som det har tilhørt avd. Erich Christensen Onsum, bør som hans og efterlatte enkes sande eiendom komme til skifte og deling sammen med avdødes øvrige effekter. Prosessens oms. Oppheves.”

Året etter var i 1782 den unge husfrue Beret Amundsdr. død, og det var atter dødsbuskifte på ”Onsum i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordgodset i buet, Onsum av skyld 3 huder 6 skinn, taksert for 900 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1489 rd., men netto berre 276 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enkemannen Gulbrand Østensen, det einaste barnet i ekteskapet, vesle Anne Gulbrandsdr., som da var 1 ½ år.

Ti år seinare var det skifte på plassen Moen under Onsum i Faaberg. Den døde var der husmannen Erich Jensen, og arvebuet utgjorde, altså utan jordegods, netto 45 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enka Sigrid Gutormsdr., dei tre borna i ekteskapet:

1. Jens Erichsen, som da var 30 år, 2. Eli Erichdtr., som var gift med Iver Olsen Brenden, 3. Anne, som var 6 år.

Gulbrand Onsum hadde garden framleis i 1799. Han gav da skjøte til Ole Pedersen Klaape på halvdel av fiskevarpet Ongsjøen i Svadsum for 56 rd.

Etter atter to år kom i 1801 påbodet om folketelling, og det budde da 10 familiar med i alt 52 personar på og/eller ved Onsum. Det var:

1. Fam: 1. Gulbrand Østensen, husbonden, 48 år, 2. Christen Olsen, tenestkar, 19 år, 3. Gulbrandsen Gulbrandsen, tenestkar, 13 år, 4. Anne Larsdtr., tenestkvinne, 29 år, 5. Mari Christensensdtr., tenestkvinne, 19 år, 6. Marit Amundsdr., tenestkvinne, 20 år, 7. Sønnøv Christensdtr., tenestkvinne, 15 år, 8. Eli Clemetsdtr., tenestkvinne, 29mår. 9. Randi Larsdtr., legslem, 86 år.

2. Fam. 1. Amund Erichsen, føderådsmann, 71 år, 2. Anne Pedersdtr., kona hans, 64 år,

3. Fam: 1. Johannes Pedersen, militær reserve, innerst med jord, 27 år, 2. Anne Gulbrandsdtr., kona hans, 21 år, 3. Berthe Maria, dotter deres, 3 år, 4. Martha, dotter deres, 2 år.

4. Fam: Even Olsen, husmann med jord, 48 år, 2. Kari Olsdtr., kona hans, 37 år, 3. Ole, son deres, 13 år, 4. Berit, dotter deres, 6 år, 5. Martha, dotter deres, 3 år. 6. Sigrid Asbjørnsdtr., mor til kona, 70 år.

5. Fam: 1. Jens Eriksen, dragon, husmann med jord, 39 år, Anne Hansdtr., kona hans, 42 år, 3. Erich, son deres, 8 år, 4. Hans, son deres, 5. Simen, son deres, 4 år, 6. Christen, son deres, 2 år, 7. Sigrid Gutormsdtr., mor til mannen, føderådskone, 64 år, 8. Guri Johannesdtr., ”inderste og gaaer i Dagleie”, 62 år.

6. Fam: Lars Madsen, innerst og tømmermann, 44 år, 2. Kari Alvsdtr., kona hans, ”examineret Jordemoder, 46 år, 3. Marit Johannesdtr., Innerst og ”gaaer i Dagleie”, 60 år.

7. Fam: 1. Christen Madsen, husmann med jord, snikkar, 45 år, 2. Anne Johannesdtr., kona hans, 46 år, 3. Sigrid dotter deres, 12 år, 4. Johannes, son deres, 8. År. 5. Martha, dotter deres, 6 år, 6. Ole, son deres, 2 år, 7. Malene Madsdtr., innerst hushjelp, 55 år, 8. Anne, dotter hennes, 24 år, 9. Thora, dotter henes, 2 år.

8. Fam: 1. Ole Andersen, husmann med jord, 63 år, 2. Anne Johansdtr., kona hans, 55 år, 3. Marit, dotter deres, 19 år, 4. Martha, dotter deres, 14 år.

9. Fam: 1. Ole Endresen, innerst utan jord, dagarbeider, 36 år, 2. Anne Olsdtr., kona hans, 35 år, 3. Ingeborg, dotter deres, 1 år.

10. Fam: 1. Morten Olsen, husmann med jord, 48 år, 2. Mari Engebretsdtr., kona hans, 46 år, 3. Morten, son deres, 11 år, 4. Christen, son deres, 6 år.

Same året, altså i 1801, gav så Gulbrand Østensen Onsum skjøte til svigerson sin Johannes Pedersen Seielstad, som var gift med dotter og einaste arving, Anne Gulbrandsdtr., på Onsum av skyld 3 huder 6 skinn for sum 900 rd. + føderåd til svigerforeldra Amund Erichsen og Anne Pedersdtr. og vidare også til svigerfaren Gulbrand Østensen Onsum.

Av fem år seinare er ei delekontrakt dat. 21.juli 1806 om skifte av sameiegeskog og mark mellom gardane Nordlia, Raanerud, Onsum og Lundgaard. Frå to år seinare er og ei sak noko utanom det vanlege. Gulbrand Onsum, som framleis dreiv med handel, fekk da bevilling frå ”Kong Christian 7.til å innkalle ”(i avisene) krav fra alle dem som måtte formene sig å ha noget å fordre av ham som kommissjonær for en del tømmerhandlere.”

Frå to år seinare er ei ”kuld og kjønslusing” for ein son utanom ekteskap, Gulbrand Gulbrandsen.

Johannes Pedersen og Anne Gulbrandsdr., Onsum fekk i tidsrommet 1798 – 1806 fleire born. Dei var: 1. Berthe Marie f. 1798, 2. Marthe f. 1799, død som barn, 3. Karen f. 1801, 4. Ingeborg f. 1803, 5. Gudbrand f. 1805, 6. Marthe f. 1806.

Johannes Pedersen Onsum hadde garden framleis i 1811. Han lånte da mot obligasjon 9000 rd. av sorenskriver Møinichen mot pant i grd. Onsum. Obl. er elles datert 2.novbr. 1810. Frå denne tid er elles ei i aller høgste grad uvanleg rettssak og nett om garden vi her har for oss. Saka er elles utskrift av tingboka framstelt slig:

”Onsum i Faaberg.

Månedsting 29.aug. 1812.

Gulbrand Østensen Onsum har innstevnt sorenskriver Møinichen og Johannes Pedersen Seielstad til mot 900 rd.s. betaling å fravike grd. Onsum, som for tiden brukes av sorenskriver Møinichen. Sorenskriver Møinichen vek dommersættet for den beskikkede sættdommer, sorenskriver Kolderup. Det passerede blev citantens sakfører beskreven meddelt.”

Same året to måneder før tinget hadde elles Johannes Pedersen gitt skjøte på grd. Onsum til grosserer Wogelsang, som fire år seinare altså i 1816 skjøta garden vidare til sorenskrivar Møinichen.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om grd. Onsum fortalt at buskapan av store husdyr i den tid var 8 hestar og 36 stkr. fe, og at den årlege kornavlinga på Onsum i vanlege gode år utgjorde kr. 100 tønner. Vidare er det oppgitt at det da hørde 7 husmannsplassar til garden Onsum.

Av ei sak frå 3 år seinare går det fram at Anne Gudbrandsdr., Onsum da var skilt frå mannen sin, og at ho ved den arvesaka som da var, hadde Østen Ovren som lagverge.

Sorenskriver Møinichen hadde garden Onsum til 1844, da han selde den til Ole Magnusen og garvar Sundre. Men fire år seinare selde så Ole Magnusen ein parsell av Onsum til Poul Resen Broen for 8000 spd.

I mellomtida hadde elles det hendt at både sorenskrivar Thomas Hendrich Møinichen og frua Birgitte Møinichen var døde, og den 8.november 1847 var det avsluttande arveskifte etter dei på Onsum.

Ved dette skiftet gjekk det tydeleg fram at sorenskrivar Møinichen ved sin død var ein rik mann, og aktiva i buet utgjorde netto 12 740 rd. Arvingane ved skiftet var dei 9 borna, som mest alle meir eller mindre var knytt til det norske embetsverket. Dei var: 1.Peder Bredahl Møinichen, inspektør ved Rikshospitalet, 2. Erik Røring Møinichen, amtmann, 3. Hermanna Cathrine Møinichen, enke etter kjøpmann Macholm i Trondheim, 4. Margrethe Bredahl Møinichen + borna hennar: a.Thomas Henrik Møinichen Ørsted Plahte, 11 år, b.Frithjof Plathe, 9 år, 5.Inger Johanne Møinichen g.m. prokurator Bjerch, 6.Olida Christiane g.m. copist Broch i Christiania, 7. Ingeborg Birgitte g.m. prokurator Lie, 8. Thomasine Henriette + borna hennar; a.Thorvald Ingolf Broch, 6 år, b. Thomasine Henriette Pauline Broch, 3 år, 9. Benedicte Dorthea Møinichen, enke etter sokneprest Harald Thaulov.

Det ligg her nær å minne om at fleire både av natur- og miljøskildringane i Jonas Lies roman "Dyre Rein" sikkert er inspirert av hans barndomsminne frå Onsum i Fåberg. Inntrykk frå gjestingsferdene saman med foreldra til mormor Møinichen i den rike sorenskrivarheimen på den gamle og tradisjonsrike storgarden hadde prega seg sterkt og varig i det vakne diktarsinnet hos Jonas Lie.

Etter åtte år var det i 1855 David Thorstensen som hadde tilhandla seg Onsum øvre, medan Ole Magnusen framleis hadde Onsum nedre. Vi tek og med at i 1864 var det skylddelingsforretning på Onsum, og plassen Nystuen vart da fråskilt og fekk eiga matrikkelskyld: 1 dal. 2 ort 14 skilling.

I samband med folketellingane i 1865, vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Onsum oppgitt at det samla jordbruksarealet av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde: a. på Onsum øvre: 506 mål, og av dette var 156 mål jord av 1. Klasse, b. på Onsum nedre: 98 mål med 32 mål jord av 1. Klasse. Samtidig er det og opplyst at husdyrhaldet på Onsum øvre var: 8 hestar, 37 storfe og 64 småfe, på Onsum nedre: 1 hest, 7 storfe og 20 småfe, og i Nystuen: 1 hest, 4 storfe og 10 småfe.

Året etter gav så i 1866 David T Onsum husmannskontrakt for levetida til Ole Hanssen med familie på plassen søre Delet mot årleg avgift i arbeid eller pengar, men i 1869 vart og to plassar av namn Delet fråskilt garden. Vidare vart i 1870 sit jordstykke Skolejord unnaselt, og 5 år seinare gav og David T. Onsum skjøte til sonen Martin Davidsen på hans del av Onsum.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk da nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Onsum i Fåberg fekk da gardsnummer 122 av samla skyld 33,45 mark, og det var da 5 bruksnummer under gardsnr. 122 Onsum. Det var: Gnr. 122 brn. 1 Onsum av skyld 20,86 mark, som Martin Davidsen var eigar eller brukar av, brn. 2 Onsum av skyld 4,98 mark med K. Bø som eigar ell. brukar, brn. 3 Onsum søndre, skyld, 5,97 mark, med Søren Mittet som eigar ell. brukar, brn. 4. Onsum skolejord, som tilhørde Kommunen, brn. 5 Onsum søndre (2engstykker), skyld 0,99 mark, eigar ell. brukar: Martin Davidsen.

Alt same året, altså i 1886, selde elles Søren Hansen Mittet sitt brn. 3 Onsum søndre til Forsvarsdepartementet på vegne av militæretaten for kjøpesum kr. 14 000,-.

Martin Davidsen Onsum hadde sitt bruksnr. 1 Onsum av skyld 20,85 mark til i 1887. Da selde han garden til Karl Petter Herman Poppe for kjøpesum, kr. 20 000,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 1 500,-. - I Karl Poppe si brukartid fekk såleis søskena Elise og Edvard Brænden kontrakt på byggegrunn til sin heim av Onsum. Det var visstnok i 1891. Men i 1895 kjøpte Martin Onsum att garden brn.1 Onsum ved auksjonsskjøte for sum kr- 16 050,-.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det vidare skjedd dei skifte at Halvor Schou da hadde overtatt Onsum brn. 2, og 3 nye bruksnr. var unnaselde. Det var: grn. 122 brn. Delet nordre av skyld 0,21 mark med Hans Kristiansen som oppsittar, og brn. 7 Delet søndre av skyld også 0,21 mark, der sersjant P. Finstad var oppsitter, Vidare var gnr. 122, brn. 8 Moen overtatt av Peter Olsen.

Av handlar med Onsum eller/og parseller av garden i seinare tid tek vi elles med at i 1910 kjøpte Kristen Bræin brn.9 Bræin øvre av skyld 0,40 mark, og Iver Moe kjøpte samtidig brn.

10 Bræin nedre av skyld 0,35 mark. Hovedbruket grn. 122 brn. 1 Onsum vart i 1920 overtatt av Martinus Hjelmstad, som i 1922 selde det vidare til Am. Rolsdorph. I 1920 kjøpte og Karl Haug brn. 11 Haug av skyld 0,20 mark, og Edvard Bræin kjøpte i 1923 brn. 12 Fremstad. I dei år som da følgde, kjøpte så Thorvald Mathisen i året 1923 grn. 13 Skogmo av skyld 1,56 mark, og Thorvald Kasla tilhandla seg samtidig brn. 14 Kasla av skyld 0,88 mark. Dessuten overtok ved den tid Hans Skyttermoen brn. 15 Skyttermoen, skyld 0,85 mark, og brn. 16 Haug nr. 2, skyld 0,88 mark vart selt til Karl Haug; vidare kjøpte Rasmus Rønningen brn. 17 Rønningen, skyld 0,88 mark, og brn. 18 Furulund vart selt til Ole Furulund. Året etter kjøpte i 1924 Olaf Eriksen brn. 20 Lieng av skyld 0,95 mark, og Simen Rønning tilhandla seg i 1938 brn. 22 Myrvang av skyld 0,75 mark. Visstnok i 1924 hadde elles Arne Rolsdorph overtatt hovedbruket grn. 122 brn. 1, da av skyld 13,05 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det vorte 23 bruksnummer under gardsnummer 122 Onsum. Av desse var det da 10 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Dei 10 bruk var: a. Grn. 122 brn. 1,5 Onsum øvre, da med eit jordbruksareal på ca. 150 mål, som Signe Sollien var eigar av, b. brn. 2 Onsum nedre, areal ca. 120 mål, som Harald Schau var eigar og brukar av, c. brn. 8 Moen, areal ca. 12 mål, eigar Kristine Moen, d. brn. 8,9 Bræin øvre, areal ca. 25 mål, eigar og brukar: Nils E. Bakke, e. brn. 10 Bræin (nedre), areal ca. 15 mål, eigar og brukar: Arne Moe, f. brn. 11,16 Haug, areal ca. 25 mål, eigar: Karl Haug, g. brn. 13 Skogmo, areal ca. 50 mål, eigar og brukar Torvald Skogmo, h. brn. 14 Kastad, areal ca. 20 mål, eigar og brukar: Erik P. Haukliken, i. brn. 15 Skyttermoen, areal ca. 20 mål, eigar og brukar: Hans Skyttermoen, j. brn. 17 Rønningen, areal ca. 15 mål, eigar Rasmus Rønningen, k. brn. 20 Lien, areal ca. 25 mål, eigar og brukar: Olaf Lieng, l. brn. 21 Myrvang; areal ca. 25 mål, eigar og brukar: Simen Rønning.